

# Å R S M E L D I N G   V O L L E Y B A L L G R U P P A   1 9 8 4

Styret har vore:

Formann       : Kjerstin Bernes  
Nestform.     : Inger Anne Rongve  
Skrivar       : Ann Christin Hannisdal  
Kasserar      : Solveig Svenhsim Varberg  
Styremedl.: Lillian Espevoll

Styret har hatt 6 styremøter.

Styrking av økonomien har det vore arbeida mykje med denne sesongen, og alle medlemmane har vore flinke til å hjelpe til med dei forskjellige arrangement.

I februar arrangerte me Bygdafest på Grønskaret. Her var mykje arbeid, men det gav oss eit fint overskot. Ellers har me hatt 2 kakelotteri. Me har og i arbeid eit programblad som presenterer laga våre. Dette bladet er nummerert, og skal etter at det er solgt trekkes med nokre fine gevinster. Me selde og lodd for Norges Volleyballforbund.

## 4.div.

4.div. hadde ein flott sesong og eit stabilt godt lag som spelte seg til opprykk i 3.div.forbundserie. I Haugesunds-cupen laget deltok i, tok dei ein 1.plass.

## 5.div.

Dette var ikkje den beste sesongen for laget. Ein del gjennomtrekk av spelarar var nok hovedårsaka her. Heldigvis har vi fått ein meir stabil spelarstall i år, noko som viser på resultatata i høst. Laget har deltatt i Norgescup, åpningsturnering og mai-turnering.

## Jenter

Jentelaget som spelte i avd.A gjorde det og svært bra. Dei vart seriemestre i Hordaland. Dei fekk og ein 2.plass i kretsfinalen i gutte - jente N M 83/84, og 2.plass i Junior NM 83/84.

## Årets lag 84/85:

Desse 4 laga har totalt 6 t. treningstid for veka.

## Serieresultat til no i år :

3.div. damer	3 kamper	6 poeng	1.plass på tabell
5.div.B damer	3 "	4 "	2 " " "
5.div.A damer	3 "	4 "	2 " " "
Jenter	2 "	0 "	6 " " "

Skrevet av Formann

Kjerstin Bernes



OSTERØY IDROTTSKLAG

Nytt styre valgt på Årsmøte tirsd 20.11.84

Formann: Anita Vevlutveit

Nestformann: Inger Anne Rongve

Kasserer : Solweig (Søenheim) Varberg

Skriver : Ann Kristin Harnisdal

Styremedlem : Kjerstin Bernes

Styremedlem : Lillian Espevoll

Varmedlem : Siri Ewik

Medlemstallet i Volleyballgruppa er 52.

OSTERØY IDROTTLAG

SKJEMA TIL ÅRSMELDING 1984

1. Gruppe: Volleyballgruppa

2. Trening.

a. Treningsdag og -tid: Tisdag kl. 18-2130  
Torsdag kl. 1830-2130. (Treningsdager Torsdager skal etter jule deles med V.I.F. fotballgruppa)

b. Stad: Vallstrand skule

c. Trenerar og instruktørar: Inger-Anne Rongve B. Trener spiller i 3 div.  
(namn): Ronald Urte (spiller i 3 div. Fotlandsvag)

d. Talet på deltakar, under 10 år: 47 aktive  
over 10 år: 5 passive

e. Treningsavgift: kr. 30,-

3. Konkurransar.

a. Deltaking på større stevne, i serie/cup: Gutte-fente NM, Junior NM, Haugesund scup, Mix turnering, Norgescupen, Åpningsturnering

b. Talet på aktive i stevne utover klubbmeisterskap: 47

4. Økonomi.

a. Sum rekneskapsførte utgifter: 37 952,35

b. Sum - " - inntekter: 37 095,29

c. ~~Kontantbeholdning i kasse og bank:~~

d. Korleis vert reiseutgifter til konkurranse, samling finansiert? Egen finansiering.

5. Diverse.